



OVERLEGENT AV HANDBALLDAMENE:

Kristin van der Meeren og dei andre handballdamene til Tysnes IL sikra seg ein ny og viktig siger i Tysneshallen søndag ettermiddag. **SPORT: SIDE 10**

Tysnes

TORSDAG 23. OKTOBER 2014

NR. 42 - 62 ÅRG.
LAUSSAL KR. 30,-
tysnesbladet.no



TYSNESINGEN

Blir rastlaus av å vera i byen



Gav ordføraren skriftleg åtvaring

Fredag fekk Kjetil Hestad skriftleg åtvaring om at han ikkje kan ta til med byggjearbeidet på huset sitt før byggjeløyvet er i orden.

NYHENDE: SIDE 6-7


Bank-jubel

NYHENDE: SIDE 4-5



Triangel-utbyggjarane ventar på sentrumsplanen

NYHENDE SIDE 2-3



KAN FÅ TRE ETASJAR: Nye Triangel kan verta utbygd med nye forretningslokale, parkeringsanlegg og leilegheiter i tredje etasje. Planane står framleis i stampe – inntil sentrumsplanen er godkjent.

Fusa Catering AS
Baldersheim

Våre priser er inkl levering
Arild Tveit 48195 328, atmat@fusi.no

www.fusacatering.no

SPAR



EUROSPAR



Finn din nærmeste butikk på www.spar.no

Norvegia
pr kg, Tine

69⁹⁰



Alle store sjokoladeplater
fra Freia

÷30%



Alle Gartner poteter
2 kg pose

÷40%



Begrensninger på tilbudene kan forekomme. Vi tar forbehold om trykkfeil og utsolgte varer. Salg kun til private husholdninger.

Tilbudene gjelder t.o.m. lørdag 25/10.

Alltid tilbud på noe godt!

Ny bil bufellesskapet

Tysnes kommune har tinga ny 9-seters personbil til Vågsmarka Bufellesskap.

– Me ser fram til å få ein flott og nyttig bil, skriv innkjøpsansvarleg Helge Drange i bestillinga til eit leasingfirma i Oslo.

Må venta på svar

Meisterstrekar AS i Sagvåg har på vegner av Ingolf Kongsvik og Tor og Nancy Matre søkt om rammeløyve for naust og etablering av småbåthamn i Kongsvik.

I eit brev tilbake til


søklarane melder teknisk etat om det det er stor arbeidsmengde på teknisk etat, og at det vil ta ei tid før søknaden kan handsamast.

Godtek ikkje avslag på søknad

I etterkant av at landbruks- og matdepartementet av slo Tysnes kommune sin søknad om støtte til tømmerkai på Heningen, ber kommunen no departementet om å få tilsendt dei underliggjande dokumenta i saka. I eit skriv til departementet ber kommunen vidare om ei nærare grunngeving

knytt til kvifor prosjektet ikkje vart stetta opp mot dei prosjekta som vart stetta i denne omgang.

Avsluttingsvis ber kommunen om at fristen for å setja fram klage vert utsett, slik at dei får høve til å gjera ei reell vurdering av ein eventuell klage.



Triangel-utviding kan snart

I mange år har Karl-Aage Tvedt, eigaren av Triangel, venta på å kunna byggja på senteret. Med ein godkjend sentrumsplan for Våge i horisonten, kan planane snart verta ein realitet.

I 2011 søkte arkitektfirmaet Grung Arkitektur på vegner av Tvedt om dispensasjon frå byggjeforbodet i Våge, for å kunna byggja på to nye eta-

sjar på det eksisterande senteret. Formannskapet sa ja til dispensasjonssøknaden, og i august 2012 søkte arkitekten om rammeløyve for påbygget, samt eit eige parkeringshus på sørsida av senteret.

Men då hadde kommunen byrja på arbeidet med den nye sentrumsplanen for Våge, og arkitekt Ove Grung fekk då signal om at søknadene deira vart sette på vent, og ville bli handsama så snart planen for

Våge sentrum var ferdig handsama og godkjend.

Som ein del av den offentlege høyringa for sentrumsplanen, kom arkitektfirmaet nyleg med planane for «nye Triangel» som eit innspel til planen.

Ferdig på tolv månader

– Planane er dei same som dei var då me sende inn søknaden om rammeløyve i 2012, fortel Grung.

Dette inneber at senteret får to nye etasjar, samt eit par-

keringshus på sørsida. Andre etasje vil vera lagt til rette for næring, medan tredje etasje vert leilegheiter. Karl-Aage Tvedt anslår at senteret kan vera ferdig bygd om på tolv månader når dei fyrst kjem i gong.

– Dette vil vera ei to-trinns ombygging når me kjem så langt, der andre etasje vil verta bygd på ein vinter. Tredje etasje vil bli bygd parallelt med det, forklarar han.

– Så lenge sentrumsplanen

som blir godkjend passar med våre visjonar, skal me nok ta til med bygginga innan rimeleg tid, held han fram.

Men han understrekar at det må eksistera eit økonomisk fundament før dei tek til med ombygginga.

Fleire interesserte i å leiga

Tvedt fortel at dei lenge har vore i kontakt med aktørar som er interesserte i å nytta dei nye lokala som vil verta

3.000 namn i turboka

Heile tre tusen namnetrekk var sist veke signert inn i turboka på Blåbærhaugen på Onarheim.

Det var i slutten av mai den nye turboka på Blåbærhaugen vart lagt ut. I ein artikkel i «Tysnes» 17. juli i år kunne ein lesa at Gerhard Alsaker via Alsaker Fjordbruk betalar Onarheim Idrettslag ti kroner for kvart

namnetrekk i boka i 2014.

Midt i sist veke var det altså kome 3.000 namnetrekk i boka. Det tyder 30.000 kroner inn i lagskassa til Onarheim IL.

Alsaker har sett som vilkår at midlane skal nyttast kring skulen på Onarheim eller området rundt.

– Me er imponert over oppslutnaden, melder leiar i Onarheim

IL, Magne Storesætre, og sponsor Gerhard Alsaker på Onarheim IL si facebook-side.

Arkivfoto, f.v. Magne Storesætre, Gerhard Alsaker, Lars Kristoffer Alsaker.



FASADE: Slik kan Triangel bli sjåande ut frå Fylkesveg 49.



PARKERING: Det har blitt søkt om rammetillatelse for eit nytt parkeringshus sør for handlesenteret, med plass til 36 bilar. I bakkant av bygget er det sett av kring 19 parkeringsplassar.

realiserast

tilgjengelege viss prosjektet vert ein realitet.

– Me er og i dialog med nye kandidatar no, utan at eg ynskjer å seia så mykje om kven det er, seier han.

Arkitekt Ove Grung fortel at både storleik og tal på næringsareal i den planlagde andreetasjen er avhengig av kor mange aktørar som melder si interesse. I planteikningane har dei utvida næringsarealet i fyrste etasje, men oppretthaldt

butikkinnndelinga slik den er per dags dato. Dei ni planlagde bustadane i tredje etasje er i utgangspunktet leilegheiter med to soverom.

– No ventar me berre på at sentrumsplanen skal verta godkjent, for å sjå om kommunen kan handsama rammesøknaden i etterkant. Det kan vera avgrensingar i sentrumsplanen som kan virka inn på rammesøknaden, forklarar Grung.

Avhengig av sentrumsplanen

Korkje Grung eller Tvedt ynskjer eller kan seia noko spesifikt om kva tid ein kan venta seg at prosjektet er ferdigstilt, utanom tidsramma på tolv månader for sjølve byggjeprosessen.

– Me har halde på med dette prosjektet lenge, for sentrumsplanen har jo vore lova lenge. Eg meiner Triangel lever sitt eige liv og eigentleg er upåverka av sentrumsplanen, men

kommunen tok senteret med i planen likevel. Då lyt me berre venta til den er klar, seier Grung, og held fram:

– Det er på tide å få sentrumsplanen godkjend og koma seg vidare, for det å setja alt på vent er ikkje bra for kommunen.

Tvedt seier at han har respekt for kommunen for at dei inkluderer handlesenteret i sentrumsplanen.

– Eg er positiv til å skapa

totalitet, og synest det er bra for Våge som ein heilskap at det kjem ein sentrumsplan som legg vekt på å skapa eit ryddig og oversiktleg sentrum. Og Triangel er ein viktig del av den heilskapen, sidan den ligg midt i smørauget, avsluttar han.

RANDI KLEPPE
randi@tysnesbladet.no